Høyringsinnspel til sak om skulestruktur 25-1844 frå Fjaler Venstre

Fjaler Venstre meiner at saka om framtidig skulestruktur slik den ligg føre i dag ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at kommunestyret kan fatte ei forsvarleg avgjerd om nedlegging av utkantskulane.

Å leggje ned ein skule er blant dei mest langsiktige og irreversible vedtaka eit kommunestyre kan gjere. Ei slik avgjerd handlar ikkje berre om skuledrift, men også om kommuneøkonomi, busetjing, næringsutvikling, rekruttering og framtida til lokalsamfunna våre.

Når økonomiske innsparingar er hovudargumentet for ei så omfattande endring, må det vere eit absolutt krav at dei økonomiske konsekvensane er grundig utgreidde, dokumenterte og etterprøvbare.

Etter vårt syn er ikkje dette kravet oppfylt.

Økonomien er avgjerande – men spørsmåla står framleis utan svar

Fjaler Venstre erkjenner den alvorlege økonomiske situasjonen kommunen står i, og behovet for å sikre ei berekraftig drift i åra framover. Nettopp derfor er det avgjerande at dei økonomiske vurderingane bak ei eventuell skulenedlegging er så fullstendige som mogleg.

Gjennom prosessen har det vore reist vesentlege spørsmål om dei økonomiske føresetnadene, berekningane og den reelle innsparinga ved nedlegging. Etter vårt syn har altfor få av desse spørsmåla fått konkrete og tilfredsstillande svar.

Det er framleis stor uvisse knytt til mellom anna:

- Kor stor den reelle nettoinnsparinga vil vere, og kva føresetnader berekningane byggjer på.
- Kva økonomiske konsekvensar nedlegging vil få for mottakarskulane, mellom anna knytt til kapasitet, bemanning, tilrettelegging og investeringar.
- Kva kostnader kommunen framleis vil ha knytt til skulebygga etter ei nedlegging.
- Korleis endringar i elevtal, busetjing og framtidige behov kan påverke innsparinga.
- Kva økonomisk risiko kommunen tek dersom føresetnadene ikkje slår til.

Det er ikkje tilstrekkeleg å vise til eit berekna innsparingspotensial utan å synleggjere kor sikre tala er, og korleis ulike scenario vil påverke resultatet. Når økonomien er sjølve hovudgrunngjevinga for nedlegging, er det eit grunnleggjande problem at så mange spørsmål om den faktiske økonomiske gevinsten framleis står utan svar.

Berre halve rekneskapen er presentert

Utgreiinga legg stor vekt på kva kommunen kan spare ved å redusere talet på skular, men i langt mindre grad på kva kommunen risikerer å tape.

Ei skulenedlegging kan få økonomiske konsekvensar langt utover oppvekstsektoren sitt budsjett. Dersom færre familiar vel å etablere seg eller bli buande i kommunen, kan dette påverke både folketalsutviklinga, inntektsgrunnlaget og næringslivet.

Vi saknar ei grundigare vurdering av konsekvensane for busetjing, rekruttering, framtidige skatteinntekter og kommunale overføringar, bustadverdiar, miljø og transportbehov, samt risikoen for ytterlegare sentralisering. Fleire av desse konsekvensane er vanskelege å talfeste, men det kan ikkje vere ei grunngjeving for å utelate dei frå vurderinga.

Kva slags kommune ønskjer Fjaler å vere?

Denne saka handlar også om kva slags samfunnsutvikling kommunen ønskjer å leggje til rette for. Dersom målet er å samle stadig fleire tenester i kommunesenteret, bør dette vere ein open politisk diskusjon. Dersom målet derimot er vekst og levande bygder i heile kommunen, må dette også få betydning for korleis ein vurderer kommunale tenester og investeringar.

Kommunen har gjennom åra investert i tiltak og anlegg der samfunnsnytte, trivsel og attraktivitet har vore viktige argument, ikkje berre direkte økonomisk avkastning.

Fjaler Venstre meiner det same perspektivet må gjelde skulane. Dei er ein del av den grunnleggjande infrastrukturen som gjer det mogleg å bu, arbeide og etablere familie i ulike delar av kommunen.

Det er vanskeleg å sjå kvifor langsiktige ringverknader skal vektleggjast ved andre kommunale investeringar, men i så liten grad når ein vurderer framtida til skulane våre.

Ei irreversibel avgjerd krev betre kunnskap og svar

Fjaler Venstre meiner ikkje at dagens skulestruktur skal vere urørleg. Vi erkjenner behovet for krevjande prioriteringar og at endringar kan vere nødvendige.

Men nettopp fordi økonomien er så avgjerande, må vi stille særleg strenge krav til grunnlaget for dei tiltaka som blir foreslått.

Det er ikkje nok at ei nedlegging *kan* gi ei innsparing. Kommunestyret må vite kor stor den reelle innsparinga kan bli, kor sikker den er, og kva kommunen risikerer å tape på kort og lang sikt. Når det gjennom prosessen er reist vesentlege spørsmål ved dei økonomiske berekningane, utan at desse er tilstrekkeleg avklarte, meiner vi det vil vere uforsvarleg å fatte ei så langsiktig og irreversibel avgjerd.

Fjaler Venstre meiner difor at saka, slik ho ligg føre i dag, ikkje gir kommunestyret eit tilstrekkeleg og forsvarleg avgjerdsgrunnlag for å vedta nedlegging av utkantskulane.

Før ei slik avgjerd kan fattast, må dei uavklarte økonomiske spørsmåla svarast ut, føresetnadene bak berekningane dokumenterast og dei langsiktige konsekvensane vurderast grundigare. Det handlar ikkje om å utsetje nødvendige prioriteringar. Det handlar om å sikre at dei prioriteringane kommunen gjer, faktisk er rette, og at vedtaka byggjer på eit grunnlag vi kan stå inne for – også i framtida.

Fjaler Venstre